

Noen råd og formanende ord.

1.

Det første ein bør gjere er å skrive ut fila Register over kirkebøkene. Uten den veit ein ikkje kvar ein er. Det kan også lønne seg å skrive ut fila Personnavn i kirkebøkene.

Det ligg litt annen statistikk der også, men den er ikkje nødvendig for søk.

2.

Søkemulighetene med **søkefunksjonen i Word:**

a.

Skriv ein Marit} og trykker på søk neste, vil ein etter kvart gå gjennom alle som er døpt Marit på fila. Det er ikkje mulig å søke på farsnamnet samtidig. Dette er ein Word-tekst, ikkje ein database.

b.

Skriver ein { Anders og trykker på søk neste, vil ein etter kvart gå gjennom alle fedre med namn Anders som får barn i løpet av fila.

Ein må altså kombinere til Marit Andersdatter selv.

Eksempel: Dersom ein leiter etter ei **Marit Andersdt** som skal være født i omlag 1744, finn ein av Register over kirkebøkene at dette kan stå i KIRKEBOK 3 eller KIRKEBOK 4.

Dersom ho skal være født i indre Rana, prøver man først med KIRKEBOK 3. Om ein vil prøve med Marit} eller { Anders er en smaksak, men ein leiter fortrinnsvis på det sjeldnaste namnet, det går raskast. Dersom ein ikkje finn vedkommande på { Anders, kan det være lurt å prøve på Marit} også, i fall det skulle ha snike seg inn en feil.

Dersom ein veit at Anders fekk fleire barn, søker ein selvfølgelig på { Anders om man vil ha oversikt over desse.

Kirkeboknumrene i filnavnet er ikkje i samsvar med dei offisielle. Dei fortel berre litt om i kva for ein rekkefølge bøkene er skrevne av.

Det som kan være et problem, er å vite kva eg har "normalisert" døpenavnene til. Derfor finnes fila Personnavn i kirkebøkene. Datamaskinen finn ikkje Johanna} dersom eg har skrive namnet som Johanne}. Det er greiere med farsnavnet. Dersom ein søker på { And , vil man finne både Anders og Andreas. På samme måte vil anne} finne både Johanne og Anne, men ikke Annekari}. Alle former av namnet: Anna, Anne, Ana, Ane er forresten normalisert til Ane (ut fra mi tru at det var det desse menneska sa. Variantane er prestenes. Og for meg er det desse menneska som er autoriteten, ikke prestane).

En regel er sikker: Eg har alltid, i motsetnad til prestane, bokstavert navnene så enkelt som mulig, uten "framande" bokstaver som c, w og z og uten stumme h'er. Unntak: Lucia og Falch.

Eit råd: Finn ein ikke Jonette}, prøv med Jonetta} eller omvendt.

c.

Dersom ein vil finne ut når Anders døde, søker man på *Anders. Men det er ikke ført inn dødsfall før 1722 og i enkelte periodar er føringa mangelfull. Ein må sjølv plukke ut riktig Anders.

d.

Dersom ein leiter etter konfirmanten Marit, skriv ein !Marit. Om dei ein finner, er datter av Anders, må ein finne ut sjølv.

e.

Dersom man leiter etter giftermål, kan det vere lurt å søke på ægte. Da finn ein alle etter kvart. Det er også lagt inn en litt "søt" søkemulighet på ekteskap: Dersom ein søker etter de nygifte Henrik og Pernille, vil ein ved å skrive Henrik&Pernille og Søk neste etter kvart komme gjennom alle med dette navneparet. Dersom ein berre søker på Henrik&, finn ein berre nygifte Henrik. Dersom ein søker på &Pernille, får ein berre nygifte Pernille. Det kan i dei verste tilfellene vere lurt å prøve alle tre mulighetene.

Forlovelse er det verre med, den er ikkje koda, der må ein søke på trol eller troel. Caut. og Lyst for kan det også finnes en god del av, der er det fleire former.

f)

Andre søk som det ikkje er koda for.

Dersom ein søker f.eks. på ordet lap, vil ein finne alle som er registrert med ordet lap eller lapp, i tillegg vil ein finne Lappvamoem, Lapphella o.l.. Namn som inneheld å, er enkle å søke på, ettersom bokstaven å ikkje er brukt i originalteksten. Barn som er fødd på Båsmoen, er altså lette å finne i normalisert form.

Hvis ein er smart og vel de rette bokstavene, kan ein spare seg en del tid. Men hvis ein f.eks. søker på Erich An, så misser ein de få tilfella der namnet er skrive Erik og også dei tilfella der patronymet ikkje er brukt. Etter ca 1750 er hovedregelen at patronymet er med.

NB! Eg ville aldri våge å bruke denne avskrifta som sannheitsvitne for eit sitat. I slike tilfelle må ein alltid kontrollere mot originalen.

For å si det slik: Dette er gjort av eit svaksynt menneske og det er ikkje kvalitetssikra, ikkje eingong av meg sjølv. Eg har prøvd å teste litt, og da finn eg feil. Husk på kor vanskelig det for eksempel er å skille mellom Jensen og Jonsen i vanlig handskrift, og enda verre i uryddig presteskrift.

Eg veit for eksempel at de fleste W har eg skrive som V. (Eg liker ikkje w, og dei fleste avskrifter eg har sett, har for mange w fordi bokstaven v har mange "krøller"). Bruken av store og små bokstaver er stort sett nåtidens, og ikkje minst: Bruken av komma og punktum er ikkje i samsvar med det som står i manus. Der brukes f.eks. : som tegn for punktum. Eg har ikkje eingong forsøkt å følge originalen i tegnsettinga. Og ein blir fort lei av å skrive Pr., dermed blir det ofte bare Pr uten punktum.

Dei som skreiv bøkene, skilte ikke typografisk mellom I og J. Det har eg gjort.

På nokre stader har eg ikkje klart å lese det som står. Det er fleire grunner til det: Svakt blekk, skittent papir, spesielt i kantane, presten har skrive "utafor" kanten på arket, "nedafor" sida, utydelig eller uregelmessig skrift. (Det er forresten forbausande få blekkflekker.)

Dersom jeg har funnet fram til eit slags ord, men ikke forstår tydinga, er dette markert med et spørsmålstegn som heng saman med ordet. Eitt eller to spørsmålstegn som står fritt, markerer eit ord eg ikkje har forstått såpass at eg våger å skrive noko. [] markerer den tomme mengden. Der er det satt av plass i kirkeboka til at det skulle stå noko, men det gjer det ikkje likevel. Det kan være greit å markere stedet der noko manglar, så slepp ein å lure på om ein har gløymt å skrive det som sto.

Avskrifta er laga for å gjere det lettare å finne fram i kirkeboka (uten at ein mister "kontakten" med originalteksten). Den er ikke laga for å vere normerande på nokon måte. Det som ikkje er originaltekst, er markert.

Velbekomme!

Kvefsneset 20.3.2006 Johan Solbakk

Etterskrift.

Det er fleire som har funne feil etterkvart. Nokre av dei er blitt meldt til meg, og eg har forsøkt å rette dem. Spesielt den delen som i avskrifta heter Kirkebok 1 - 5, er blitt nøye gjennomgått av Ann Elise Altermark og Synnøve Forsmo. Desse bøkene er altså betre kvalitetssikra. Og eg trur dei kjem til å fortsette med resten.

I tillegg kjem at innholdet i Kirkebøkene 1-5 er blitt sammenlikna med andre kjelder som skiftebøker o.l.. Dei motseingane som er funne er innført i avskrifta, men på en slik måte at det går klart fram kva som er original og kva som er alternativ. Det som står innafor disse parentesene [er ikkje tatt fra originalen].

De feila som er funne og som skyldest min leseevne, har eg retta uten å si fra.

Avskrifta er med dette blitt litt mindre full av feil.

Eg hører fortsatt gjerne om feil i dette produktet!

Dei som ikkje treffer meg altfor ofte, kan sende e-post til josolb@yahoo.no

Det er lettest for meg om du fortel nøyaktig kvar feilen er, f.eks. 4/1034, då veit eg at det er i kirkebok 4 på opplysning nr 1034.

Det er ikkje uten grunn at jeg har innleid dette avsnittet med at eg ber om at dette leses først, det kan spare deg for tidkrevande feilslutningar.

Eg håper at dette ikke høres altfor arrogant ut.

Kvefsneset 20.11.2008

Johan Solbakk

Denne siste utgaven er noko "tryggare" enn dei førre utgavene. Det skyldes at Ann Elise Altermark har gått gjennom avskrifta line for line saman med Synnøve Forsmo. Dei har også samanlikna dei forskjellige opplysningane og sett etter om dei samsvarar med kvarandre. Det dei har funne er ført inn i avskrifta, (det aller meste), men eg har ikkje ført inn grunngiinga dei har gitt for det dei påstår. [Tilføyningane er inngjerda med []]. Vil ein vite grunngiinga, må ein lese i "Våre Forfedre" for åra 2008 og 2009. Det meste av det som står inngjerda er AEA og SF sitt verk.

Avskrifta er betre kvalitetssikra nå.

Kvefsneset 16.9.2010

Johan Solbakk

Eg vonar at avskrifta kan vere til gagn for nokon. Det ligg mykje arbeid her.